# Redaksjonskomite 2 - arbeidsdokument

**Vestland Arbeiderparti - Årsmøte 2021**

## Redaksjonskomiteens medlemmer

**Redaksjonskomite 2**
**Marte Mjøs Persen**, Bergen (leder)

**Siri Sandvik**, Stad

**Shirin Khadoor,** Samnanger

**Ronny Rydningen,** Sogndal

**Linn Kristin Engø**, Bergen

**Even Sørland**, Bergen

**Øystein Oen**, Bjørnafjorden

**Marie-Helene Hollevik Bransdal,** Årdal

**Endre Toft**, AUF

Sekretær: Jin SIgve Mæland

# Oversikt over tema som redaksjonskomite 2 har behandlet

| Tema: | Forslagsnr: | Antall forslag |
|---|---|---|
| Arbeid | 88 - 96, 136, 139 | 11 |
| Asyl, flyktning og justis | 72 - 75, 129, 133 | 6 |
| Barn og unge, oppvekst | 101 -103 | 3 |
| Distrikt | 107 - 112 | 6 |
| Helse og tannhelse | 51 - 64, 134, 138 | 16 |
| Idrett | 131 | 1 |
| Landbruk og dyr | 126 -127, 130 | 3 |
| Skole | 76 - 87, 135 | 13 |
| Velferd | 113 -124 | 12 |
| 22. juli | 143 | 1 |

# Innstilling fra redaksjonskomite 2

**Forslag som vedtas som de er og oversendes landsmøte:**
60, 62, 72, 88, 90, 92, 101, 107, 126, 136,

**Forslag som vedtas med redaksjonelle endringer og oversendes landsmøte:**
81

**Forslag som avvises:**
57, 59, 75, 83, 93, 114, 123, 127, 138

**Forslag som oversendes fylkestingsgruppen/stortingsgruppen:**

Stortingsgruppen: 72, 113, 118, 120, 122, 131, R10, R31,R33
Fylkestingsgruppen: 84, 122

**Forslag som helt eller delvis blir ivaretatt i nye forslag og sendt til landsmøte:**

R10 Asyl og flyktning
Ivaretar helt eller delvis forslag: 73, 74, 133

R11 Kvinnehelse
Ivaretar helt eller delvis forslag: 51, 52, 119

R12 ID-merking av kattar og hundar
Ivaretar helt eller delvis forslag: 130

R13 Universell tannhelsereform
Ivaretar helt eller delvis forslag: 61, 63, 64

R14 Rusomsorg
Ivaretar helt eller delvis forslag: 58

R15 Psykisk helse for barn og unge
Ivaretar helt eller delvis forslag: 56, 103, 134

R16 Statlige arbeidsplasser
Ivaretar helt eller delvis forslag: 90, 95, 109 - 111

R17 Ingen sosial dumping i luftfarten
Ivaretar helt eller delvis forslag: 94

R18 Fleire fagarbeidarar
Ivaretar helt eller delvis forslag: 77 - 79, 139

R19 Ein god oppvekst varer heile livet.
Ivaretar helt eller delvis forslag: 91, 102, 124

R20 Ambulanse i distriktene
Ivaretar helt eller delvis forslag: 53, 54, 116

R21 Styrka rett til morsmålsopplæring
Ivaretar helt eller delvis forslag: 76

R22 Digital utvikling i distriktene
Ivaretar helt eller delvis forslag: 108

R23 Nærtjenestesentre med rådgivning og søknad om gjeldsordning
Ivaretar helt eller delvis forslag: 112

R24 Yrkesskadeerstatning
Ivaretar helt eller delvis forslag: 96

R25 Seksuelle overgrep: Eit omfattande samfunnsproblem
Ivaretar helt eller delvis forslag: 129

R26 Vern om nærskuleprinsippet!
Ivaretar helt eller delvis forslag: 80, 82

R27 Ein betre, meir variert og inkluderande fellesskule for alle elevar
Ivaretar helt eller delvis forslag: 85

R28 Ja til miljøterapeuter i skolen
Ivaretar helt eller delvis forslag: 86, 87

R29 Finansiering av privatskoler
Ivaretar helt eller delvis forslag: 135

R30 Kommuneøkonomi - Dei store oppgåvene løyser me best i saman
Ivaretar helt eller delvis forslag: 115, 117

R31 Krisepakker (OBS! vedtatt og oversendes til stortingsgruppen)
Ivaretar helt eller delvis forslag: 118

R32 Norsk jernbane
Ivaretar helt eller delvis forslag: 89

R33 Breddeidretten må prioriteres og styrkes både under og etter kornapandemien.
Ivaretar helt eller delvis forslag: 131

R34 Oppgjøret som aldri kom
Ivaretar helt eller delvis forslag: 143

R35 Barnetrygd skal ikke regnes som inntekt for de som mottar økonomisk støtte
Ivaretar helt eller delvis forslag: 121

R36 Desentraliserte rusbehandlingsinstitusjonar
Ivaretar helt eller delvis forslag: 55

# Nye forslag fra redaksjonskomiteen:

## R10 Asyl og flyktning

Ivaretar helt eller delvis forslag: 73, 74, 133

Begrunnelse:
Arbeiderpartiet bør stå for en rettferdig og konsekvent flyktningepolitikk. Vi har et solidarisk ansvar overfor mennesker på flukt og belastningen andre

europeiske land opplever på grunn av et dysfunksjonelt samarbeid om flyktninger i EU. Brannen i Moria-leiren synliggjorde hvor sårbare også flyktningene som har kommet seg til Europa er. Norge må ta et større ansvar for både kvoteflyktninger og asylsøkere, gjennom et forpliktende samarbeid med andre europeiske land.

I august sendte regjeringen forslag til beredskapshjemmet ved økte asylankomster på høring. Personer som har krav på beskyttelse etter andre menneskerettskonvensjoner enn Flyktningkonvensjonen skal ifølge forslaget få en egen status, subsidiær beskyttelse, med to års utsatt rett til familiegjenforening.

Utlendingsdirektoratet (UDI) skrev i sitt høringssvar at dette i den enkelte sak kan bryte menneskerettighetene. Den svenske Migrationsöverdomstolen konkluderte at det var et brudd på Den europeiske menneskerettskonvensjonen å nekte en syrisk gutt med subsidiær beskyttelse å bli gjenforent med sine foreldre. Den europeiske menneskerettsdomstolen har til behandling en sak om den danske bestemmelsen om at personer med subsidiær beskyttelse må vente i tre år før familiemedlemmer kan søke om gjenforening. FNs høykommissær for flyktninger (UNHCR) understreker at barns rett til familieliv ifølge barnekonvensjonen er særlig beskyttet, og at å utsette retten til familiegjenforening vil være i strid med regional og internasjonal lov.

- Sørge for at alle flyktninger som oppholder seg i Norge, har rett til nødvendig helsehjelp og arbeidstillatelse
- Ha som utgangspunkt at Norge skal være en del av en eventuell avtale i EU om en byrde fordelingsmekanisme som innebærer at asylinnvandringen fordeles bedre mellom land i Europa og sikrer rettssikkerhet for asylsøkerne
- Norge bør hente langt flere flyktninger fra leirene i Hellas, uavhengig av når andre Europeiske land henter
- FNs høykommissær for flyktninger sine anbefalinger skal være minimum for norsk flyktning- og asylpolitikk.
- Prioritere barnefamilier og personer med funksjonsnedsettelser gjennom kvoteflyktningordningen

Innstilling: Vedtas og oversendes stortingsgruppen og landsmøte

## R11 Kvinnehelse

Ivaretar helt eller delvis forslag: 51, 52, 119

Begrunnelse:
Det er ei kjennsgjerning at svært mykje av helseforskinga foregår på menn, også der kvinner vert ramma av same sjukdomar, men kanskje med noko annleis sjukdomsbilete. Det er også ei kjensgjerning at mange at dei typiske «kvinnesjukdomane» framleis kan vere tabubelagde, det vere seg endometriose eller fødselsskader. Fødetilbodet landet rundt er i spel, både når det gjeld nærleik og kvalitet. Kvinner sine rettar i høve svangerskap og fødsel har blitt innskrenka med Solberg-regjeringa. Store avstandar til gynekolog fører også til at abort er vanskelegare å få gjennomført i rurale strøk der prosedyren som går over fleire trinn medfører ekstra belastning. Likestillingspartiet Arbeidarpartiet må auke løyvingane til kvinnehelse og forskning på typiske kvinnesjukdomar. Slik at alle kan ha likeverdige muligheter til gode liv.

Vestland Arbeidarparti meiner:

- Det bør lagast ein eigen strategi for kvinner si helse. Denne må innehalde meir fokus på forsking, meir kunnskap i helseutdanningane og meir fokus i samfunnsdebatten.
- Det skal vere tilgjengelege tenester for kvinnehelse i heile landet - herunder tenester innan gynekologi, fødsel og barsel
- Kvinner må bli sikra god oppfølging ved krevende funn på ultralyd og informasjon om ulike støtteordningar dersom det er ønskeleg
- Løyvingane til forskning på kvinnehelse må aukast betrakteleg i åra som kjem.
- Vurdere å innlemma behandlingen for fleire typiske kvinnesjukdomar i ordninga for blå resept, eksempelvis osteoporose.

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R12 ID-merking av kattar og hundar

Ivaretar helt eller delvis forslag: 130

Hundar er dyr som i stor grad er avhengige av eigarane sine for å kunne ha det bra. Om lag 80 % av norske hundar er i dag ID-merka, og ID-merking er eit krav for registrering i NKK. ID-merking av alle hundar er likevel eit viktig tiltak. Dei fleste landa i Europa har eit slikt krav. Ikkje minst handlar dette om å legge til rette for, trygge grensepasseringar, legal handel og å kunne avklare eigarforhold. Sikker individ-identifikasjon er også viktig til dømes i avl, utstillingar og konkurransar, og knytt til forsikring, helseoppfølging og forsking.

For kattar er situasjonen ein annan. Kvart år tar mellom andre Dyrebeskyttelsen inn opp mot 10 000 kattar som enten er forlatne eller komne til verda i naturen. Ved å ID-merke dyra, vil det vere enklare å spora opp eigar dersom dyret blir borte frå heimen. ID-merking kan òg forhindre at eigarar dumpar dyr dei ikkje ynskjer lengre, og det kan føre til positive endringar i kattehaldet, t.d. med meir sterilisering. Krav om ID-merking av kattar kan likevel ha uønskte konsekvensar. Få kattar er ID-merkte i dag samanlikna med hundar, og kostnaden for ID-merking vil i mange tilfelle vil vere mykje høgare enn det det kostar å skaffe sjølve katten. Kattar er meir uavhengige av eigarane sine enn hundar, og eit lovkrav vil kunne vere vanskeleg å følgje opp. Eit slikt krav må difor vurderast nærare.

- Arbeidarpartiet skal jobbe for obligatorisk ID-merking av hundar.
- Arbeiderpartiet skal jobbe for utgreiing av ei ordning for obligatorisk ID-merking av kattar.

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R13 Universell tannhelserefom

Ivaretar helt eller delvis forslag: 61, 63, 64

Tannhelse er viktig for ein god livskvalitet, og for god allmenn helse. Dei seinare åra har til dømes samanhengen mellom tannhelse og hjarte-karsjukdomar blitt meir og meir tydeleg dokumentert. Det har òg blitt meir og meir tydeleg at god tannhelse og bruk av tannhelsetenester heng saman med sosial status og inntekt. For mange er det for dyrt å bruka tannlegen, sjølv om det skulle vere stor trong for det. Denne utviklinga startar i ungdommen og blir forsterka mellom dei eldre.

Universelle ordningar er kjennemerket på den norske velferdsstaten, og prinsipielt bør tannbehandling sjåast på som ein del av den ordinære helsetenesta. Tida er inne for å likestilla tennene med andre deler av kroppen. Ei tannhelsereform bør bygge på eit universelt tak for årlege kostnadar med tannhelsetenester, på same måten som for medisin og andre helsetenester. Som første trinn bør eit eigenandelstak på kr. 2000,- per år gjerast gjeldande for minstepensjonistar og alle under 30 år i løpet av kommande stortingsperiode.

Arbeiderpartiet vil:

- Sette i gang ei tannhelsereform som likestiller tannhelsetenester med andre ordinære helsetenester, med mål om at heile befolkninga på sikt skal vere omfatta av et universelt tannhelsetilbod.
- Sikre at alle under 30 år og minstepensjonistar får frikort for tannhelse innan 2025

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R14 Rusomsorg

Ivaretar helt eller delvis forslag: 58

Regjeringen har kommet med sitt forslag til rusreform hvor hovedtrekkene i reformen er at narkotika fortsatt skal være forbudt og politiet skal fortsatt avdekke og og beslaglegge illegale rusmidler. Denne reformen skal til omfattende behandling med i Stortinget våren 2021, med blant annet høringer i helse- og justiskomiteene Hovedtrekkene i forslaget er at det fortsatt skal være ulovlig å bruke narkotiske stoffer, men det foreslås at det ikke skal være juridisk straffbart med mindre brukerdoser til eget bruk. Det foreslås ingen endringer i straff for narkotikasalg, import- og annen narkotikakriminalitet. Arbeiderpartiet sin politikk er at vi ønsker en omlegging fra straffereaksjon til helsebehandling, og Vestland Arbeiderparti støtter at det kommer en rusreform som ivaretar avkriminalisering av små brukerdoser, men vil understreke at rusreformen må være en reell behandlingsreform. Derfor mener

Vestland Arbeiderparti at følgende krav skal fremsettes til ytterligere forbedring av reformen til behandling av rusreformen i Stortinget våren 2021:

- Likebehandling skal være et grunnleggende prinsipp, likhet for loven og like muligheter til behandling og oppfølging i alle deler av landet
- Forebygging av bruk av narkotika hos barn og unge må styrkes
- Det må legges til rette for rask (re)habilitering i et systematisk samarbeid mellom NAV, kommune, BUP og DPS
- Ettervern må være en integrert del av behandlingstilbudet for pasienter med rus- og/eller psykiske lidelser, og det må sikres en finansieringsnøkkel mellom stat og kommune som ivaretar kostnadsfordelingen
- Medikamentell rehabillitering må styrkes for å sikre livskvalitet
- Rusavhengige må sikres et helhetlig helsetilbud hvor både somatisk og psykiske lidelser blir utredet og ivaretatt i behandling
- Personer som har kommet ut av aktiv rus må sikres et botilbud der de ikke plasseres sammen med personer som fortsatt er i aktiv rus, husbanken ordninger må styrkes i denne sammenhengen
- Pårørende og rusavhengige må sikres en ruskoordinator som de kan henvende seg til
- Politiet må sikres tilstrekkelige ressurser til å håndheve forbudet mot illegale rusmidler
- Kommunene må sikres ekstra midler til å imøtekomme oppgavene som tillegges dem

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R15 Psykisk helse for barn og unge

Ivaretar helt eller delvis forslag: 56, 103, 134

God psykisk helse er minst like viktig som fysisk helse. Det er fellesskapet sitt ansvar å legge til rette for god psykisk helse for alle. Dette er særleg viktig når det gjeld barn og ungdom. Ungdata-undersøkinga viser at det er fleire unge som kjenner på press og stress, og det er fleire som slit med lette til moderate psykiske vanskar.

Gode og trygge oppvekstvilkår er utgangspunktet for at alle barn og ungdomar kan ha god trivsel og god utvikling. Forebygging er kanskje det aller viktigaste for at barn kan ha ei god psykisk helse. Forebygging skjer der barn og ungdom lever liva sine. I heimen, i barnehagen, på skulen, i vennekretsen, på fritidsaktivitetar. Barn som er trygge, som blir sett og inkluderte har eit godt utgangspunkt for ei god psykisk helse.

For dei som likevel treng hjelp, er det viktig at denne er lett tilgjengeleg. Mange opplever å måtte vente lenge på rett hjelp eller at dei må vente lenge på hjelp frå ein

hjelpeinstans til ein annan. Slik skal det ikkje vere. Barn og ungdom skal ikkje risikere å sjølve måtte navigere mellom ulike hjelpeinstansar. Dei treng «ei dør inn» til det kommunale hjelpeapparatet, og smidige overgangar til spesialisthelsetenesta der dette er nødvendig. Det må stimulerast til å prøve ut ulike modellar for kommunal lågterskel-hjelp, av type «Rask psykisk helsehjelp» i Bergen.

Det er framleis visse tabu knytta til det å ha psykiske vanskar, særleg gjeld dette for gutar.

Vi veit at unge med vedvarande psykiske helseplager kan ha auka risiko for å ikkje fullføre utdanning, og dermed risiko for å bli ståande utanfor arbeidslivet. For oss i Arbeidarpartiet er det viktig at alle kan delta i samfunnet. Difor er forebygging og behandling av psykiske helseplager hos barn og ungdom noko som no må få eit løft.

Fleire unge har no fått det svært vanskeleg under koronakrisa. Dei vert avskorne frå sine sosiale liv på skule og på fritid. Dette har blitt vanskeleg for svært mange, men det rammar dei som er sårbare frå før aller hardast. Forsking viser at det å stå utanfor arbeid, skule, aktivitetar og sosiale fellesskap kan gje auka psykiske helseplager over tid.

Det trengs eit krafttak for psykisk helse, både på kort og på lengre sikt. Og det trengs no!

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R16 Statlige arbeidsplasser

Ivaretar helt eller delvis forslag: 90, 95, 109 - 111

I takt med effektiviseringen av offentlig sektor har distriktene tapt arbeidsplasser i mye større grad enn de store byene. Vestland Arbeiderparti mener Oslo har en altfor stor andel av de statlige arbeidsplassene. Vestland Arbeiderparti ønsker å flytte statlige arbeidsplasser ut fra Oslo og omegn, og ut i resten av landet. Vestland Arbeiderparti ser ingen grunn til at departementer eller andre offentlige etaten trenger å ha så sterk tilknytting til Oslo området som det har i dag.

Arbeiderpartiet ønsker bosetning i hele landet og vil la folk bo der de måtte ønske. Dette skal skje ved å legge føringer på de offentlige etatene for å legge til rette og flytte vakante stillinger fra byene ut i distriktene. Ved opprettelse av nye etater eller utvidelse av eksisterende skal disse ligge utenfor Oslo og omegn. Ved å styrke det offentliges digitale satsing på digitale arbeidsflater, så vil det bli lettere å kunne desentralisere oppgaver.

Skal distriktene bli sterkere, trengst det arbeidsplassar. Folk vil bo der det er arbeidsplasser. Det er interessante arbeidsplasser som trekker folk til ein plass, ikke om det er by eller bygd. I den senere tid har vi sett at folk ønsker å koma seg bort fra byene, då må me legge til rette for det, via en aktiv og målrettet distriktspolitikk.

En nærliggende mulighet for å flytte ut statlige arbeidsplasser fra bo- og arbeidsregionen Oslo, er den foreslåtte sammenslåingen av institusjonene Eksportkreditt Norge og Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK). Den nye institusjonen er foreslått at skal samlokaliseres i Groruddalen i Oslo. Vi mener at dette er feil valg. Samlokaliseringen av Eksportkreditt og GIEK bør legges til Vestlandet og til Bergen. Bergensregionen har et sterkt offshore miljø, er ledende på fornybar energi, sjømat, prosessindustri, havvind, og har flere start up-miljø innen det maritime og helse. En lokalisering i Bergen vil gi tett dialog med næringslivsaktørene, og den nye institusjonen vil dra nytte av Bergens gode finans- og forskingsmiljø. Den nye institusjonen vil også bidra til å styrke den allerede mest komplette maritime klyngen i verden.

- Vestland Arbeiderparti vil flytte ut en betydelig andel statlige arbeidsplasser fra bo- og arbeidsregionen Oslo til resten av landet, og som hovedregel skal alle nye statlige arbeidsplasser etableres utenfor Oslo.
- Vestland Arbeiderparti mener at det er viktig at Fiskeridirektoratet har sitt hovedsete i Bergen.
- Vestland Arbeiderparti støtter samlokaliseringen av Eksportkreditt Norge og Garantiinstituttet for eksportkreditt, og mener at den nye institusjonen skal plasseres i Bergen.

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R17 Ingen sosial dumping i luftfarten

Ivaretar helt eller delvis forslag: 94

Sosial dumping er den største trusselen mot den norske modellen. En stor del av den norske modellen ivaretas av et velfungerende trepartssamarbeid som tufter på samarbeid mellom organisasjoner som representerer arbeidsgivere og arbeidstakere (partene) og staten.

Wizz-air saken rokker ved alt den norske modellen og trepartssamarbeidet står for, og bryter mot arbeidsmiljøloven ved at ansatte nektes deltakelse i fagforeninger.

Dersom Wizz Airs baser i Norge kan defineres som såkalte hjemmebaser, er det norsk arbeidsmiljølov som gjelder. Da spiller det ingen rolle hvilken nasjonalitet

piloter og kabinansatte eller selskapet har (seksjonssjef Erik Hammer i Luftfartstilsynet til FriFagbevegelse 28.10.2020).

Dette viser at vi trenger nasjonale retningslinjer som ivaretar norske bedrifter og arbeidstakere når internasjonale aktører etablerer seg i norsk arbeidsliv.

Det bør stilles krav om at flyselskapene sørger for at grunnleggende fagforeningsrettigheter og retten til kollektive forhandlinger, etter ILO-konvensjonen, ivaretas i egen virksomhet og hos eventuelle underleverandører.

Arbeiderpartiet oppfordrer alle til å bruke flyselskap med ordnede arbeids og lønnsforhold.

I tillegg vil Arbeiderpartiet gjennomføre styrkinger i lover og retningslinjer, slik at den norske modellen ivaretas.

Arbeiderpartiet vil:

- Bruke offentlige anbud til å stille krav om ryddige arbeidsvilkår og bruk av faglærte.
- Sikre rettferdig konkurranse, gode fagutdanninger og seriøsitet gjennom kloke offentlige innkjøp.
- Styrke den "myke siden" av arbeidslivskrimbekjempelse, som handler om å ivareta de mest utsatte arbeidstakerne.
- Gjennomføre en ny plan for et seriøst og organisert arbeidsliv.
- Styrke det organiserte arbeidslivet.
- Fornye og forsterke arbeidsmiljøloven.
- Ha forbud mot innleie for useriøse aktører.

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R18 Fleire fagarbeidarar

Ivaretar helt eller delvis forslag: 77 - 79, 139

Næringslivet og offentleg sektor etterspør fleire fagarbeidarar. Korona-pandemien har også vist oss kor sårbart samfunnet vårt er blitt med den yrkesstrukturen vi etter kvart har fått her i landet.

Arbeiderpartiet vil snu denne utviklinga og satse på ei desentralisert yrkesutdanning, som speglar næringslivet og offentleg sektor sitt behov for fagarbeidarar. Det norske nærings- og samfunnslivet treng fleire fagarbeidarar for å bygge den moderne velferdsstaten og ein industri i verdstoppen.

Det må satsast meir på yrkesfaglege studieretningar og alle som er kvalifisert for læreplass, får lærekontrakt gjennom læreplassgaranti-ordninga.

Idretten er særs viktig for mange. Arbeiderpartiet vil innføre ei toppidrettslinje med ei yrkesfagleg retning, etter modell frå toppidrett på studiespesialiserande linjer. Det kan styrke rekruttering til yrkesfagleg studieretning. Arbeiderpartiet har som mål at vi skal auke rekruttering og utdanne dei beste fagarbeidarane i landet, for å møte utviklinga og behova i arbeidslivet.

For å styrke den yrkesfaglege utdanninga treng vi eit yrkesfagløft i nært samarbeid med nasjonale styresmakter og partane i arbeidslivet.

Arbeiderpartiet vil styrke den praktiske skulesekken, der elevane får møte arbeidslivet og gjere praktiske oppgåver i eit arbeidsfellesskap allereie frå grunnskulen. Det er særskilt viktig med praksisopphald i løpet av skulegangen for å skaffe alle elevar ein læreplass, men også for å få til eit godt samarbeid mellom skule og bedrift. Den vidaregåande skulen må legge til rette for det og arbeidslivskontakten har ei sentral rolle i dette arbeidet. Den praktiske utdanninga kan verte gjeve i lokale verksemder. Det planlagte realfagkonseptet Newton-rommet ved Hydro Husnes, SITEP og øvingsfabrikken i Årdal er gode eksempel på dette. Derfor vil vi arbeide for å etablere langsiktige og forpliktande samarbeidsavtaler med privat og offentleg sektor om praksisplasser.

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R19 Ein god oppvekst varer heile livet.

Ivaretar helt eller delvis forslag: 91, 102, 124

Skilnadane i Noreg aukar. Fleire born veks opp i familiar med utfordringar. Det kan vere økonomiske problem, vald, rus, sjukdom eller andre forhold som gjer borna utrygge. Born og unge som vert berørte opplev i større grad mistrivsel i barnehage og i skulen, utestenging frå felles arenaer og vanskar seinare i livet som å stå utanfor arbeidslivet. Det kan føre til svekka folkehelse og at levealderen vert forkorta. Arbeiderpartiet meiner at det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å hindre at born veks opp i fattigdom, er at foreldra får kome i vedvarande inntektsgjevande arbeid. Difor er arbeid til alle jobb nummer ein.  Vi vil også auke moglegheit til varig tilrettelagt arbeid.

Arbeiderpartiet meiner at alle skal ha rett til å bu trygt og godt. Og alle har rett til ein trygg og god bolig. Arbeiderpartiet vil legge fram ein melding om ein heilheitleg politikk, der kommunane vil få ei styrka rolle i arbeidet med å utjamne forskjellar i boligmarknaden. Vi vil auke utlånsramma til Husbanken, slik at fleire kan få startlån.

Arbeiderpartiet vil arbeide for at alle born vert inkludert i barnehagen, skule samt på fritid i samarbeid med frivilligheita. Born som av ulike årsaker treng ekstra oppfølging i barnehage, skule og som står utanfor skule og arbeidsliv, skal få det og vi vil sikre eit tett samarbeid mellom heim og ulike hjelpeinstanser. Vi vil innføre gratis SFO og jobbe for søskenmoderasjon for familier som har born både i barnehage og SFO. Vi vil innføre eit sunt måltid i løpet av dagen og gje skulane friheit til å organisere dette sjølv.

Gode og trygge oppvekstvilkår er særs viktig for for trivsel, tryggleik og utvikling. Fellesskapet må stille opp, slik at alle born får likeverdige moglegheiter uavhengig av foreldra sin arbeidssituasjon, økonomi og helsesituasjon. Difor vil Arbeiderpartiet reversere Regjeringen Solbergs usosiale kutt som brillestøtte til born, tannregulering og fysioterapi.

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R20 Ambulanse i distriktene

Ivaretar helt eller delvis forslag: 53, 54, 116

Hjerneslag kostar samfunnet milliardar av kroner kvart år. Dette er ein av tilstandane der tid er avgjerande for utfallet for den som blir ramma. I dag varierer responstida mykje både i byane og i distrikta. Ambulansar landet rundt står i fare for å forsvinne heilt eller delvis mellom anna fordi helseforetaka skal spare pengar.

Ein svekka akuttberedskap og reduksjon i tal ambulansar er korkje god samfunnsøkonomi eller særleg framtidsretta.

Å kjenne seg trygg er noko av det viktigaste for alle menneske. Å vite at ein får hjelp når ein treng det og at hjelpa når fram i tide er ein del av det å kjenne seg trygg.

- Arbeiderpartiet krev lik maks responstid i heile landet. Alle har krav på likeverdige tenester uansett kor ein bur i landet. Responstid for ambulansetenesta må forskriftsfestast.

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R21 Styrka rett til morsmålsopplæring

Ivaretar helt eller delvis forslag: 76

Vestland Arbeidarparti ser med uro på at for mange elevar med eit anna morsmål enn norsk, fell frå i vidaregåande skule. Mykje av grunnen til dette er at dei manglar eit godt nok fundament i eige morsmål for å klare å forstå norsk på eit meir avansert

nivå og for å tileigne seg innhaldet i øvrige fag. Norskundervisninga i t.d yrkesfag vert ei hemsko for elevar med eit anna morsmål og hindrar dei i å komma vidare ut i arbeidslivet.

Slik regelverket er i dag, vert morsmålsundervisning og tilpassa undervisning for minoritetsspråklege i grunnskulen, stort sett berre nytta dersom eleven syner å ikkje meistre norsk godt nok. Altså heng retten til opplæring i morsmålet saman med dei generelle norskferdigheitene. Det viser seg diverre at sjølv om ein minoritetsspråkleg elev kan synast å beherske norsk ved flytande uttale og kan formulera seg grammatisk riktig, er dette i realiteten berre begrensa norskkunnskap. Ofte ser ein ikkje utfallet av ei slik begrensing i norskkunnskapen før lenger ut i skuleløpet, og dette gjer at mange minoritetsspråklege elevar får vanskar med å tileigne seg forståing av både norskundervisning og innhaldet i øvrige fag.

I 2004 vart retten til opplæring i morsmål og tospråkleg fagopplæring svekka, mot Arbeiderpartiet si vilje. Det som den gong var Utdannings- og forskningsdepartementet føreslo at morsmålsopplæring ikkje lenger skulle vere vere obligatorisk. Argumentasjonen for å svekka denne retten var m.a. at dåtidas fastsetjingar var vaskelege å praktisere for dei enkelte kommunane, og då  særs i dei mindre kommunane. Det vart også hevda at tid og krefter til morsmålsopplæring var eit hinder for ei styrka norskundervisning. Arbeiderpartiet på si side var kritiske til mangelen på fagleg grunngjeving for å svekke denne retten for språklege minoritetar.

Ei vesentleg årsak for at det er viktig og riktig og gje elevar opplæring i eige morsmål, er at det også legg grunnlaget for at dei lærer betre norsk, også på eit avansert, fagleg nivå. Opplæring i og trening på å bruke eige morsmål, medverkar til språkmedvit og legg grunnlaget for at elevar skal kunne nytte språket som reiskap til å tileigna seg dei begrepa som skal til for at å kunna ta til seg informasjon, å kunna reflektera og for at læring skal vera mogleg.

Majoritetselevar, med norsk som morsmål, får med god grunn ei lang, grundig og systematisk opplæring i norsk språk, til tross for at norsk er noko dei “kan frå før”. Språket vårt er meir enn berre eit middel til alminneleg, daglegdags kommunikasjon, det er nøkkelen til å forstå verda, til å kunne reflektere og er reiskapen vår i kognitivt krevjande samanhengar. For minoritetsspråklege elevar er opplæring i eige morsmål eit vesentleg reiskap for å få utbyte av norskundervisninga og for å forstå innhaldet i dei øvrige faga.

Opplæring i eige morsmål er ikkje eit hinder for ei god norskundervisning, dei to heng tvert imot tett saman.

Vestland Arbeiderparti vil arbeide for å:

- Gjeninnføra obligatorisk opplæring i morsmål og tospråkleg fagopplæring i grunnskulen. Retten til morsmålsopplæring skal ikkje aleine henge saman med allminnelige norskferdigheiter.
- Tilretteleggja for å gjere dette praktisk mogleg for alle kommunar og syte for at det finst nødvendig kompetanse og ressursar.

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R22 Digital utvikling i distriktene

Ivaretar helt eller delvis forslag: 108

Vestland Arbeiderparti ønsker et levende distrikts Norge, og for å legge til rette for dette kreves det tydelige satsinger på distriktene. I dag er det mange steder i distrikts Norge med dårlig bredbånd og fiber utbygging. I dagens teknologiske samfunn og med den teknologiske utvikling vi ser i dag, er det et reelt distriktspolitisk virkemiddel at det legges penger på utbygging av fiber, bredbånd og 5G til hele landet. Både fiber og 5G er nødvendig for å ha en god fremtidsrettet og sikker digital infrastruktur i Norge. Dette vil også være stimulerende til økt næringsliv i distriktene. Slik det er i dag med dårlig dekning mange steder i landet, så virker dette som en hemsko på utviklingen og næringslivet i distriktene.

- For å gjøre hele Norge klar for den digitale hverdagen og for å få utvikling i hele landet, vil Vestland Arbeiderparti ha en storsatsing på fiber og 5G i kommende stortingsperiode.

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R23 Nærtjenestesentre med rådgivning og søknad om gjeldsordning

Ivaretar helt eller delvis forslag: 112

Begrunnelse:
I forbindelse med forslaget til partiprogram foreslår Arbeiderpartiet å opprette nærtjenestesentre hvor innbyggerne kan få ordnet med offentlige oppgaver som blant annet pass, førerkort, rettshjelpveiledning mm må også rådgivning og søknad om gjeldsordning legges til.

Forslag:

- Rådgivning og søknad om gjeldsordning legges til lokale nærtjenestesentre.

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R24 Yrkesskadeerstatning

Ivaretar helt eller delvis forslag: 96

Etter en forskriftsendring i 2020 er covid-19 med alvorlige komplikasjoner blant sykdommene som likestilles med yrkesskade. Det er alltid en rekke vilkår for at sykdom skal gi yrkesskadedekning etter Folketrygdlova. I tillegg må slik smitte ha skjedd «under arbeid på lege- eller tannlegekontor, sosialkontor, i medisinske institusjoner, sosiale institusjoner og utekontakter, barneheim, aldersheim o.l. eller ved annen yrkesutøvelse der virksomheten skjer i miljøer med særskilt sykdoms- eller smittefare» . Det er dermed usikkerhet om dette vil omfatte alle som er utsatt for smitte på arbeid, for eksempel renholdere, bussjåfører og lærere.

- VAP mener det må sikres at alle som blir definerte som samfunnskritisk personell og som blir utsatt for smittefare i arbeidssituasjon, skal kunne være trygge på at de dekkes av yrkesskadeordninga under pandemien.

Innstilling: Vedtas og oversendes landsmøte

## R25 Seksuelle overgrep: Eit omfattande samfunnsproblem

Ivaretar helt eller delvis forslag: 129

I løpet av dei siste åra, har seksuelle overgrep og krenkingar vorte eit høgaktuelt og meir synleg samfunnsproblem. Me har gjennom både tradisjonelle og sosiale media, fått kjennskap til mange vonde hendingar i m.a. i heimen, i barnehagen, på skulen, på arbeidsplassen, på festen eller uteplassen. For mange av forteljarane har det gått mange år frå eit overgrep fann stad til historia kunne forteljast. I alt for mange tilfeller er det slik at det er for seint å søkje rettferd gjennom rettsapparatet når ein omsider maktar å setje ord på ein har opplevd. Foreldingsfristen er gått ut.

I ein rettsstat som Noreg, er det heilt naudsynt at saker med ein så alvorleg natur som i overgrepssaker, får ein god, rettsleg prosess. Spørsmålet om skuld og straff må behandlast i retten framfor i allmenta gjennom saker i media. Dette er viktig for rettstryggleiken til både dei som er utsett for overgrep og dei som vert anklaga.

Seksuelle overgrep etterlet dei som er utsette med varige traumer og har stor innverknad på både fysisk og psykisk helse. Ikkje berre er overgrepet i seg sjølv kjelde til stor belastning, også rettslige prosessar fører med seg ekstra byrde. Det er opplagt at oppfølging og hjelp til overgrepsutsette er viktig, men mange opplever dagens strafferammer på overgrepssaker som for små og at dei ikkje samsvarer med dei langvarige skadene den som vert overgrepsdømt har påført offeret.

Strafferammene må reflektere alvorsgraden til seksuelle lovbrot, for at dei skal kunne medverke til ei oppleving av rettferd ovanfor overgrepsutsette.

Vestland Arbeidarparti ser særs alvorleg på auken i saker om seksuelle overgrep mot barn.

